



Arkivnr: 2014/2-52
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		11.09.2014

Endring i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga vil tilrå at § 6 om røyking i studentreglementet vert endra i høve Ny Lov om vern mot tobakksskader (tobakkskadelova) 01.07.2014. I tillegg har NUTF endra eksamensordninga for maritime fag, og dette må kome fram i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland.

Forslag til vedtak

Følgjande endringar vert vedteke i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland:

§ 6. Røyking og snus

Røyking og snus er forbode i skulen sine bygg og på skulen sitt område.

Under § 13. Eksamensordning

Maritime fag

For informasjon om eksamensordninga ved maritime fag sjå [Nasjonal standard for vurdering](#).

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 01.09.2014

Ny Lov om vern mot tobakksskader (tobaksskadelova) 01.07.2014 stadfester følgjande:

§ 27. Tobakksforbud på skoler og i skoletiden

Tobakksbruk er forbudt i grunnskoler og videregående skolars lokaler og uteområder. Elever ved grunnskoler og videregående skoler skal være tobakksfrie i skoletiden. Departementet kan i forskrift gi nærmere regler om gjennomføring og utfylling av disse bestemmelser og kan gjøre unntak fra dem.

<http://lovdata.no/lov/1973-03-09-14>

På bakgrunn av denne lova vert det foreslått å endre § 6. i studentreglementet slik:

Opphavleg tekst

§ 6. Røyking

Røyking er forbode i skulen sine bygg og på skulen sitt område.

Ny tekst

§ 6. Røyking og snus

Røyking og snus er forbode i skulen sine bygg og på skulen sitt område.

Nasjonalt utvalg for teknisk fagskoleutdanning (NUTF) har endra eksamensordninga for dei maritime konvensjonsfaga den 27.05.2014, og det vert difor foreslått følgjande endring i studentreglementet, § 13. Eksamensordning:

Opphavleg tekst

Maritime fag

Det vert halde skriftleg eksamen i alle emne kvart år.

Ny tekst

Maritime fag

For informasjon om eksamensordninga ved maritime fag sjå [Nasjonal standard for vurdering](#).

Ved å lenke til nasjonal standard vil reglementet til ei kvar tid vere oppdatert.